



Tokke kommune
Næringsavdelinga

John Jastry
Sendt på e-post

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref: Vår ref: Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2007/156- Sverre Bakke,35075242 123 02.12.2011
54 sverre.bakke@tokke.kommune.no

Regional plan for bruk og vern av Setesdal Vesthei, Ryfylke heiane og Setesdal Austhei- Høyringa av planframlegg.

Her er høyringsuttale fro Tokke kommune på Heiplan.

Etter fullmakt

Sverre Bakke
skogbrukssjef


Tokke kommune

Arkiv: 123
 Saksnr.: 2007/156-47
 Saksbeh.: Sverre Bakke
 Direkte tlf.: 35075242
 Dato: 04.10.2011

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	11/51	16.11.2011
Kommunestyret	11/61	22.11.2011

Regional plan for bruk og vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei- Høyringa av planframlegg.
Vedlegg:

- 1 Høring av planforslag - regional plan for bruk av vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei
- 2 Saksprotokoll Fylkesutvalet
- 3 Regionalplan
- 4 Kart

Saksdokument:

- Nr. 1 Høyringsbrev
 Nr. 2 Saksprotokoll
 Nr. 3 Heiplan –utkast
 Nr. 4 Kart

Saksutgreiing:

Dette arbeidet starta i 2007. Det var Miljøverndept. som tinga denne planen. Bakgrunnen var at Noreg er plikta gjennom konvensjonar å taka vare på villreinen. Dette har vore eit stort og omfattande arbeid, då så mange skal bli samde om hovudpunkt i arealforvaltning av eit så stor område.

Det har vore ein brei prosess med mange møte og gjennomgang av utkast til plan. Vi har kome med ein del innspel i høve til kor ulike grenser skal gå.

Etter det vi kan sjå er mykje av dette teke til følgje.

Botndalen/Vendalen er ute. Grensa frå nord går ikkje over Vistadheia , men vest langs Borsæ. Hallbjørnsekken er ute. Areala frå Hallbjørnsekken og framover er bydeutviklingsområde.

Viktige trekke som Kuskar og Bjørnevatn er med og sikrar at villreinen kjem nord i Tokke. Det same gjed trekka ved Bjåen og til Vamark. Her er korridorar som sikrar utveksling mot vest og nord.

Vurderingar:

Denne planen sikrar villreinen til Tokke. Det gjer den ved at trekkrutene til reinen er sikra.

Kommunen må innarbeide denne planen i si arealforvaltning. Vår arealdel er mogen for rullering og då er det rett å taka desse tinga inn i det arbeidet som då skal gjerast.

Rådmannen si tilråding:

1. Tokke kommune tilrår det planutkastet som ligg føre utan merknader.
2. Sett frå Tokke kommune si sin ståstad har prosessen vore ryddig og vellukka.
3. Tokke kommune har gjennom Heiplanen fått sikra at viktige trekkveggar for villreinen som Bjørnevatn og Bjåen – Vamark, vert haldne opne. Sjølve har vi ansvaret for Kuskar trekket og Kjønnsviki.
4. Tokke kommune vil innarbeide Heiplanen i kommunen si arealforvaltning og i høve til ferdselsplanar og løypeplanar, i tida som kjem, når desse skal rullerast.

Saksprotokoll i Formannskapet - 16.11.2011

Tone Dale Solvang sette fram fylgjande framlegg, som nytt punkt nr. 5 i rådmannen si tilråding:

- ”5. Tokke kommune meiner at planen i for liten grad sikrar areal til næringsutvikling – hytteutbygging.”

Framlegget frå Tone Dale Solvang om nytt punkt nr. 5 i rådmannen si tilråding fall med 5 mot 2 røyster.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes tilrådd vedteke.

Vedtak

5. Tokke kommune tilrår det planutkastet som ligg føre utan merknader.
6. Sett frå Tokke kommune si sin ståstad har prosessen vore ryddig og vellukka.
7. Tokke kommune har gjennom Heiplanen fått sikra at viktige trekkveggar for villreinen som Bjørnevatn og Bjåen – Vamark, vert haldne opne. Sjølve har vi ansvaret for Kuskar trekket og Kjønnsviki.
8. Tokke kommune vil innarbeide Heiplanen i kommunen si arealforvaltning og i høve til ferdselsplanar og løypeplanar, i tida som kjem, når desse skal rullerast.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 22.11.2011

Olav S. Urbø, Sp, sette fram følgjande framlegg:

- ”1. Tokke kommune er nøgd med prosessen som har vore ryddig.
2. Planarbeidet har sikra dei viktige trekkvegane ved Bjørnevatn og Bjåen – Vamark, sumar/vinterbeiter og kalvingsområde og gjer at vi oppfyller våre forpliktelsar i høve til nasjonalt villreinområde og Bern konvensjonen.
3. Tokke kommune tilrår planutkastet med følgjande merknader:
 - a) Kuskartrekket sin betydning skal vurderast på nytt av NINA. Jmr. Møte på Dalen 16. februar og seinare korrespondanse med Fylkesmannen i Telemark.
 - b) Lofthusnuten og flatane heimafor kan verke marginale i høve til villreinområde og ein ber dette vurdert på nytt i høve til å eventuelt endre bygdeutviklingssone.”

Tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Olav S. Urbø, Sp, vart sett opp mot kvarandre ved avrøysting.

Framlegget frå Olav S. Urbø, Sp, vart vedteke med 17 mot 4 røyster.

Vedtak

1. Tokke kommune er nøgd med prosessen som har vore ryddig.
2. Planarbeidet har sikra dei viktige trekkvegane ved Bjørnevatn og Bjåen – Vamark, sumar/vinterbeiter og kalvingsområde og gjer at vi oppfyller våre forpliktelsar i høve til nasjonalt villreinområde og Bern konvensjonen.
3. Tokke kommune tilrår planutkastet med følgjande merknader:
 - a) Kuskartrekket sin betydning skal vurderast på nytt av NINA. Jmr. Møte på Dalen 16. februar og seinare korrespondanse med Fylkesmannen i Telemark.
 - b) Lofthusnuten og flatane heimafor kan verke marginale i høve til villreinområde og ein ber dette vurdert på nytt i høve til å eventuelt endre bygdeutviklingssone.